



Kinesarane sviktar ikkje Arnardo i år heller!

Cirkus Arnardo sviktar aldri Uskedalen og Rabben og dette året er det stor jubileumsframsyning tysdag 3. juni, kan direktør Arild Arnardo melde. Dette er sesong nummer 60 for det populære sirkuset.

Han lovar eit tettpakka program "som slår alle rekorder" og har store forventningar til sesongen, ikkje minst fordi Norges mest tradisjonsbærande sirkus har vorte presentert så grundig i TV – i NRK-serien "Cirkusliv".

Sirkusets suksess-samarbeid med Kina er ført vidare, i år ikkje med ikkje mindre enn ti mann i den svært imponerande Zhengzhou Acrobatic Troupe. Dei er bokstaveleg tala menn for sine hattar!

Eit anna høgdepunkt kjem Fausto Scorpions, som ikkje minst har imponert i New York. Dei balanserer og sjonglerer kroppane til kvarandre med berre føter.

Ekstremjongløren Goncalves, Wolf Family med dobbel stigebalance og Gärtner-familiens elefanter er tre andre døme på at programmet heldt mål, men det er mange fleire, lovar direktøren.

Av Ola Matti Mathisen